

Os Kommune  
Postboks 84  
5202 Os

Att.: Tom Leonsen

## Os Kommune – fordeling av tilskot til lokale kulturbygg, anleggsnr. 1243 0096 01 Os Seniorcenter

### KLAGE PÅ VEDTAK

Viser til brev frå Hordaland Fylkeskommune, ref. 2014/543-71 ved saksbehandlar Bjørg Larsen der vi vert fortald at vår søknad var avslått.

I vår søknad framgjekk det dessverre ikkje tydeleg nok at Os Seniorcenter er eit lokalt kulturbygg som er tilgjengeleg for alle aldersgrupper, som ønskjer å leige lokale til eigne arrangement.

Vi har ein del faste leigeiakarar, både unge og eldre, som leiger lokale regelmessig:

- Os Bridgeklubb
- Dansens Venner
- Glaukoma
- 8.mai arrangement i regi av Os Kommune
- Den Internasjonale Eldredagen i regi av Os Kommune
- Utleige til politiske part til interne møter og til folkemøter
- Språkkurs for innvandrarar i regi av Os Vaksenopplæring

I tillegg kan nemnast regelmessig utleige til:

- Juletreff for bor.
- Årsmøter og årsfester for ulike loka lag og foreiningar
- Basalar og konsertar
- Barsedåp
- Namnedag
- Konfirmasjonsfest
- Ymse jubileumsfester (til dømes klassefester)
- Bryllaupsfester
- Minnestunder
- Bursdagsfester (30 – 90 årsfester)


Vi kan også nemn at vi har open kafé for alle aldersgrupper tre dagar i uka, mellom kl. 10.00 og 14.00, i månadane august til og med mai, og kvar onsdag i sommarmånadane, frå kl. 10.00 til 14.00.

# STIFTELSEN OS ELDRESENTER

Når vi såleis kan synleggjera all denne aktiviteten for alle aldersgrupper i kommunen, meiner vi å kumme påvise at vi skulle oppfylle alle krav som skal til for å bli sett i kategorien «lokalt kulturbygg».

Vi håper de vil sjå på søknaden vår med nye auge, og ser fram til å høyra frå dykk.

Med venleg helsing for  
Stiftinga Os Eldresenter

  
Johannes Taule  
(leiar)